

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 23.05.2023
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Hilde Rudlang
SAKA GJELD: Habilitering for barn og unge

ARKIVSAK: 2022/906
STYRESAK: 056/23

STYREMØTE: 14.06. 2023

Administrerende direktør si orientering pkt. 7

.....

Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte tilsyn med habiliteringstenester for barn og unge i Helse Førde, Helse Bergen og Helse Fonna i 2021 og 2022. Styret i Helse Vest RHF fekk i november 2022 ei utgreiing om korleis helseføretaka hadde følgd opp tilsyna (sak 103/22 Adm. direktør si orientering punkt 6). Av protokollen frå styremøtet går følgjande fram:

6. Oppfølging av tilsyna knytt til habilitering i helseføretaka
Administrasjonen viste til utsendt notat. Styret ønskja ein oppdatering i juni på korleis det blir jobba regionalt og nasjonalt for å styrke dette fagmiljøet.

Oppfølginga av tilsyna frå Statsforvaltaren i Vestland blir sett i samanheng med oppfølginga av regional plan for habilitering og rehabilitering. Planen blei vedtatt av styret i Helse Vest i september 2021 (sak 86/21).

Dette notatet gjer kort greie for organiseringa av habilitering for barn og unge i helseføretaka og for utviklinga i mellom anna ventetider og fristbrot.

I notatet blir det lagt vekt på å sjå på oppfølginga i helseføretaka av innsatsområde 3 om å styrke den medisinske og helsefaglege kompetansen i habilitering ([lenke](#)). Det blir også gjort greie for

status for innsatsområde 2 om utvikling av samhandlingsforløp innanfor HABU ([lenke](#)) og innsatsområde 7 om styringsdata ([lenke](#)). Vidare blir regionale og nasjonale faglege nettverk og utviklingsarbeid innanfor habiliteringsfeltet omtalt.

Organisering av habiliteringstenestene for barn og unge


Habilitering for barn og unge (HABU) er i Helse Stavanger organisert under kvinne- og barneklirikken, i Helse Bergen i barne- og ungdomsklinikken, i Helse Førde til barne- og ungdomsavdelinga, mens i Helse Fonna er habilitering for barn, unge og vaksne organisert saman som ei eining i medisinsk klinikk.

I Helse Fonna og Helse Førde er tenestene til barn og unge med autismspekterforstyrningar integrert i HABU, mens i Helse Stavanger og i Helse Bergen får desse pasientane eit tilbod innanfor psykisk helsevern (Autismeteam).



Utvikling i aktivitetstal

Helsedirektoratet har gitt ut «Rapport Habilitering i spesialisthelsetjenesten 2017-2021» ([lenke](#)). Rapporten viser at Helse Vest ligg lågt når det gjeld tal habiliteringspasientar per 1000 innbyggjarar samanlikna med dei andre helseregionane. Det er usikkerheit knytt til tala og om dei er fullt ut samanliknbare, men variasjonane er vesentlege og har vore stabile over tid. I 2021 var det 22 prosent færre habiliteringspasientar under 18 år per 1000 innbyggjarar i Helse Vest enn for landet samla.

Det har vore ei viss positiv utvikling i talet på årsverk i habilitering for barn og unge i helseføretaka i Helse Vest over dei siste åra, men det er til dels store forskjellar mellom helseføretaka.



Regionale rapportar for styringsinformasjon viser at trenden i 2023 er reduserte ventetider og fristbrot innan habilitering for barn og unge i alle helseføretaka, men at det forskjellar mellom helseføretaka.



Oppfølging av innsatsområde 3 om styrking av habiliteringstenestene for barn og unge

Helseføretaka har rapportert på tiltak som er sette i verk for å prioritere styrking av habilitering for barn og unge (HABU), for å redusere ventetider og fristbrot og for å styrke lege- og psykologressursar.

Per mai 2023 blir følgjande rapportert:

HABU	Tiltak for å prioritere habilitering	Tiltak for å redusere ventetider og fristbrot	Tiltak for å styrke legeressursane Årsverk legar og psykologar
Helse Bergen	<ul style="list-style-type: none"> - Helse Bergen vedtok i 2022 ein opptrappingsplan for HABU – med mål om å styrke tilbod og motverke auka ventetider for utgreiing for psykisk utviklingshemming og en generell styrking av habilitering for barn og unge - Opptrappingsplanen tar høgde for ei styrking av bemanninga over 3 år på totalt 9 stillingar 	<p>I perioden juni 2022 til april 2023 følgjande tiltak sett i verk for å redusere ventetid for pasientar i forløp:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rydda ventelister og prioritert pasientar som venter på kognitiv utgreiing i ulike prioriteringsgrupper - Utarbeidd interne retningslinjer for vurdering og prioritering av pasientar som blir 	<ul style="list-style-type: none"> - I 2022 styrka legeressurs med 0,4 stilling som frå hausten 2023 skal vere knytt til HABU - HABU har 9 psykologar fast tilsett per 1.mai 2023 - HABU mottar frå BUK gjennomsnittleg i 2023 7 legedagar per uke, tilsvarande 1,6 legestilling. - Med styrking på 0,4 stilling, vil det frå hausten 2023 vere tilknytt ca. 2 legestillingar

HABU	Tiltak for å prioritere habilitering	Tiltak for å redusere ventetider og fristbrot	Tiltak for å styrke legeressursane Årsverk legar og psykologar
		<p>vurdert til å ha behov for kognitiv utgreiing</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tilsett 2 psykologar og 1 logoped for å auke aktiviteten på kognitiv utgreiing 	
Helse Fonna	<ul style="list-style-type: none"> - Det er utarbeidd ein lokal opptrappingsplan med konkrete tiltak og mål for korleis tenesta skal styrkast. 	<ul style="list-style-type: none"> - Det blir sett inn ein fast ressurs som utelukkande skal jobbe for å redusere ventetid og fristbrot for pasientar med autismespekterdiagnosar - Det er innleigd psykologspesialist for å redusere ventetid for pasientar som er tilvist for kognitiv utgreiing - Det blir i tillegg tilsett to nye vikarar 	<ul style="list-style-type: none"> - 0,4 årsverk lege (pediater) - 2,5 psykologårsverk - I 2021 blei det styrka med 0,5 psykolog og 1 spesialpedagog i tråd med opptrappingsplan - Opptrappingsplanen legg til grunn ei ytterlegare styrking med 3 fagkonsulentar innan utgangen av 2024, men ein har ikkje lukkast å tilføre tenesta denne styrkinga i budsjettprosessen for 2022 eller 2023 - Reell legedekning i tida april-okt. er ca. 0,2 pga. permisjon
Helse Førde	<ul style="list-style-type: none"> - Pågåande organisasjonsutviklingsprosjekt i Helse Førde for habilitering og rehabilitering: Framtidig organisering i ei større felles avdeling er tilrådd - Opptrappingsplan for HABU er under revisjon, målet er nye stillingar. P.t. har ein ikkje lukkast med rekruttering - Har auka bruken av digitale helsetenester, gir effektivisering og betre tilgjenge 	<ul style="list-style-type: none"> - P.t. ikkje ventelister og fristbrot for nytilviste - Psykologfråver også i 2023, ikkje mogleg å rekruttere vikarar. - Dette har redusert ressursane til oppfølging og rettleiing til pasientar og kommunane - Jobbar for å etablere eit 2-årig engasjement for psykolog frå 1.1.24, til utdanning av psykologspesialist innan habilitering 	<ul style="list-style-type: none"> - Barnelege ca. 0,5 årsverk - 2 psykologårsverk - Hausten 2022 er legeressursen styrka, og kontinuiteten betra ved at ein lege har hovudansvaret. Det blir lagt opp til at to barnelegar skal dele på arbeidet frå august 2023 for å gi auka stabilitet ved fråvær og ferie
Helse Stavanger Det har ikkje vore tilsyn i Stavanger. Status er rapportert februar 2023	<ul style="list-style-type: none"> - Har opptrappingsplan - Jobbar aktivt med kompetanseoppbygging - Rekruttert ny kompetanse basert på nye føringar og oppgåver: - Pasientkoordinator, barnepsykiater, nytilsett psykolog har 	<ul style="list-style-type: none"> - Inga fristbrot og ventetida går ikkje ut over medisinsk oppfølging - Etterslep etter pandemien, og det blir jobba kontinuerleg med prioritering av pasientavtaler, logistikk- og oppgåvegliding 	<ul style="list-style-type: none"> - Har styrka legeressursane til erverva hjerneskaade, barnepalliasjonsteamet og i høve til opptrappingsplanen. - Tal legeårsverk er styrka frå 4,2 i 2019 til 5,25 i 2023 - Tal psykologårsverk er styrka frå 6,0 i 2019 til 7,0 i 2023 - Jobbar for å utdanne spesialistar ved å slå saman

HABU	Tiltak for å prioritere habilitering	Tiltak for å redusere ventetider og fristbrot	Tiltak for å styrke legeressursane Årsverk legar og psykologar
	starta spesialisering i habiliteringspsykologi - Jobbar for å rekruttere i fulle stillingar	- Bruker telefon- og videokonsultasjonar, i tillegg til oppmøte-konsultasjonar	og gjere om vakante stillingsprosentar til årsvikariat som LIS eller psykolog i spesialisering

Habiliteringstenestene i helseføretaka har vore oppe som tema i dei regionale fagdirektørmøta i fleire omgangar, seinast 6. oktober 2022 (sak 94/22) og 9. mars 2023 (sak 34/23). Det har blitt drøfta om innsatsen er tilstrekkeleg for å korrigere utfordringane innan habilitering, og om kompetansebehova blir dekt slik at ein sikrar tilgang til spesialiserte tenester til barn, unge og vaksne. Det blir vurdert som viktig å ha minst eit fullt legeårsverk knytt til habiliteringstenesta for barn og unge i kvart helseføretak, og at dette kan vere utfordrande for dei mindre helseføretaka. Det blir vurdert som viktig for rekrutteringa å ha robuste fagmiljø. Problemstillingane vil bli følgt opp vidare av fagdirektørane.

Oppfølging av innsatsområde 2 om å utvikle samhandlingsforløp for barn og unge i habilitering

Helseføretaka har fått ansvaret for å utarbeide samhandlingsforløp for habiliteringstenester for barn og unge i eige føretaksområde, i samarbeid med kommunar, etter modellen frå «Barn og unges helseteneste» innan BUP. Samhandlingforløp kan bidra til avklaringar av roller og ansvar for spesialisthelsetenesta, kommunane og andre samarbeidspartnarar. Eit mål vil vere at samhandlingsforløpa gir nyttig informasjon for familiane og realistiske forventningar til tenestene.

For å støtte og koordinere prosjekta i helseføretaka vil det bli etablert eit regionalt nettverk med ein nettverkskoordinator.

Det har vore store utfordringar med å få på plass kapasitet og kompetanse til både prosjektleiarar i dei fleste av helseføretaka og til regional nettverkskoordinator. Arbeidet er dermed per mai 2023 forseinka. Nødvendige ressursar er no i ferd med å kome på plass, og det blir vurdert som realistisk å kunne starte opp arbeidet tidleg på hausten 2023.

Innsatsområde 7 om å utvikle styringsdata og datakvalitet

I Helse Vest er det utarbeidd ein digital rapportportal med styringsinformasjon for habilitering ([lenke](#)). Talgrunnlaget kan nyttast i styringa og oppfølginga av tenestene og til samanlikningar mellom helseføretaka. Med utgangspunkt i rapportane blir det jobba med forbetring og samkøying av kodepraksis, bl.a. gjennom nasjonalt og regionalt nettverk for habilitering.

Regionale og nasjonale faglege nettverk og utviklingsarbeid innan habiliteringsfeltet

Regionale fagnettverk blir etablert for å støtte opp under fagleg utvikling og fagleg samarbeid på tvers av helseføretaka, og dette kan vere særleg viktig for små og sårbare fagområde som ein ønskjer å prioritere. Nettverka på habiliteringsområdet har mellom anna som formål å styrke og bygge kompetanse innan eit meir avgrensa område, harmonisere og samordne pasientforløp som kryssar føretaksgrensene, styrke læring på tvers og redusere uønskt variasjon.

Det er etablert to regionale fagnettverk innanfor habiliteringsfeltet: eit om barn og unge med hjerneskade og eit om barn og unge med utviklingshemming og utfordrande åtferd. I tillegg har Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering initiert eit nettverk som arbeider med problemstillingar retta mot både vaksen- og barnehabilitering. Nettverket jobbar for tida med kodepraksis og kodekvalitet.

Eit nasjonalt kompetanseutviklingsprosjekt retta mot skadeleg seksuell åtferd (SSA) har utvikla utgreiings- og behandlingsverktøy for SSA til bruk i habiliteringstenestene og oppretta eit nasjonalt klinisk nettverk med representantar frå habiliteringstenestene i kvar helseregion. Prosjektet blei initiert av Helsedirektoratet og leia av Helse Fonna på vegne av Helse Vest. For å vedlikehalde kompetanseutviklinga når prosjektperioden blir avslutta i 2023, er det peikt på behov for å vidareføre det nasjonale nettverket og i tillegg opprette eit regionalt nettverk.

I samband med ei planlagt evaluering av dei eksisterande regionale fagnettverka ved utgangen av 2023, bør ein sjå på alle nettverka samla og vurdere om ein form for samordning mellom nettverka kan vere føremålstenleg for den samla innsatsen på habiliteringsfeltet. Behovet for samordning må balanserast opp mot behovet for særskilt og felles innsats på ulike små fagområde innanfor habiliteringsfeltet.

Vidare blir det samarbeidd i eit nasjonal leiarnettverk for habilitering om felles utviklingsarbeid knytt til ulike faglege problemstillingar innanfor både barne- og vaksenhabilitering. Eksempel er gjennomføring av regelmessig undervisning for legar i habilitering i heile landet, arbeid med å samstemme praksis for koding av aktivitet for å betre datakvaliteten og bidrag inn i arbeidet til Helsedirektoratet med utvikling av kvalitetsindikatorar på habiliteringsfeltet.

Med bakgrunn i oppdrag i oppdragsdokumentet er det i gang eit interregionalt arbeid som gjennomgår samarbeidet mellom Statped og spesialisthelsetenestene, mellom anna habiliteringstenestene. Målet er at familiar som får barn med funksjonsnedsettingar, opplever spesialisthelsetenesta og Statped som koordinerte tenester heilt frå starten.

Konklusjon

Helseføretaka arbeider med tiltak for å prioritere habilitering for barn og unge, men iverksettinga har kome ulikt langt. Habiliteringstenestene er små fagmiljø som kan vere sårbare når det gjeld

kapasiteten og tilgang til nødvendig kompetanse. Dette kan være særleg utfordrande for dei mindre helseføretaka.

Gjennom vidare oppfølging av innsatsområda i regional plan for habilitering og rehabilitering vil Helse Vest og helseføretaka arbeide for å dekke kompetansebehova slik at barn og unge blir sikra lik tilgang til habilitering i spesialisthelsetenesta.